



Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 Sandane
v/Arne Mykland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 55572334

Rapport frå inspeksjon ved Byrkjelo reinseanlegg i Byrkjelo tettbygde område i Gloppen kommune

Kontrollnummer: 2023.254.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Kjell Petter Solhaug, Tenesteleiar kommunalteknikk
Arne Mykland, Avd. ingeniør kommunalteknikk
Jan Kåre Fløtre, Driftsoperatør
Odd Erik Bjørlo, Driftsoperatør

Frå Statsforvaltaren i Vestland

Grete Hamre
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjonen ved Byrkjelo avløpsreinseanlegg i Byrkjelo tettbygde område den 16. oktober 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 3 avvik og ga ingen merknadar under inspeksjonen.

Avvik:

1. Miljøriskovurderinga for ytre miljøforhold har manglar
2. Resipientgranskningar er ikkje gjennomført i samsvar med overvåkingsprogrammet
3. Heilskapleg handlingsplan for avløpsområdet er ikkje send inn innan 31. mars 2023

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Grete Hamre
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: GLOPPEN KOMMUNE SAMFUNN OG BEREKRAFT	
Organisasjonsnr.: 974775646	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 – Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Byrkjelo avløpsanlegg	Anleggsnr.: 4650.0016.01
Kommune: Gloppen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 30.09.2022	Sist endra: 08.09.2023

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Kommunal planlegging og internkontroll
- Leidningsnett
- Reinseanlegg og prøvetaking
- Resipientovervaking
- Rapportering til staten
- Løyve datert 30.09.2022, med endringar av 08.09.2023

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Gloppen kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. mars 2023** sender ei skriftleg utgreiing som dokumenterer korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved neste tilsyn.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 31. august 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Gloppen kommune betale eit gebyr på kr 37 400,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi avdekkja følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Miljørisikovurderinga for ytre miljøforhold har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 6, 7 og 8
- Utsleppsløyve av 30. september 2022 punkt 2.6.1



Kommentarar til regelverket

§ 5 andre ledd punkt 6 Risiko

Internkontrollforskrifta har krav om at verksemda skal kartleggje farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og gjennomføre tiltak for å redusere risikotilhøva.

I løyvet punkt 2.6.1 er det også krav om miljørisikovurdering. Kommunen skal ha ei oppdatert skriftleg, klimatilpassa miljørisikovurdering for det totale avløpssystemet som er omfatta av løyvet. Det inneber ei kritisk gjennomgang av forhold som er knytte til avløpssystemet og som kan forårsake utilsikta forureiningsutslepp/farar for forureining. Både konsekvens- og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast. Miljørisikovurderinga skal angi risiko og risikoreduserande tiltak i prioritert rekkjefølgje og skal som eit minimum leggje vekt på :

- Påslepp etter kapittel 15 og 15 A
- Kritiske punkt på leidningsanlegg
- Kritiske punkt på reinseanlegg
- Utslepp til sårbar resipient
- Utslepp av farlege stoff
- Områder med moglege brukarkonfliktar
- Korleis det totale avløpssystemet blir påverka av klimaendringar
- Vassforskriftas § 4 og mål om god kjemisk tilstand og økologisk tilstand i vassførekomstane

§ 5 andre ledd Punkt 7 Rutinar

Internkontrollforskrifta har krav om at verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevnaden. Verksemda skal ha skriftlege rutinar som viser at verksemda etterlever krav i løyve og lovverket.

§ 5 andre ledd Punkt 8 Systematisk gjennomgang

Verksemda skal utføre systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at han fungerer som forutsett.

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Punkt 6. Risikovurderingar:

Kommunen har risikovurdering for Gloppen kommune, Byrkjelo avløpsreinseanlegg utarbeidd 1. august 2019 med nokre endingar gjort 18. oktober 2022.

Verksemda fekk nytt utsleppsløyve 30. september 2022. Miljørisikovurderinga er ikkje oppdatert i tråd med punkt 2.6.1 i løyvet. Risikovurderingane er ikkje oppdaterte med endringane gitt i nytt løyve.

Punkt 7. Rutinar

Skriftlege prosedyrar/rutinar som mangla ved tilsynet:

- prosedyre/rutine for å oppdatere risikovurderinga
- prosedyre/rutine for oppdatering av internkontrollen
- prosedyre/rutine for gjennomgang av internkontrollen, sjå neste punkt

Punkt 8. Systematisk gjennomgang

Verksemda kunne under tilsynet ikkje dokumentere korleis kommunen gjennomfører systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å kunne avdekke om det er behov for justeringar. Kommunen fekk nytt utsleppsløyve i 2022, og det har vore gjort store endringar i



organisasjonen sidan førre tilsyn i 2019. Gjennomgang av internkontrollen kunne likevel ikkje dokumenterast ved tilsynet.

Avvik 2:

Resipientgranskingar er ikkje gjennomførte i samsvar med kommunen sitt overvaksingsprogram

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet punkt 7.1 Resipientovervaking etter vassforskrifta

Kommentarar til regelverket

Utsleppsløyvet punkt 7.1 Overvaking etter vassforskrifta

Løyvet gitt 30. september 2022 har krav om at resipientovervaking skal skje i tråd med vassforskrifta og føresegnene til tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3. Overvakinga skal vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vatn ¹.

Overvakinga skal skje i samsvar med overvaksingsprogrammet datert 30. juni 2020 for utslepp frå Byrkjelo reinseanlegg utarbeidd av Asplan Viak. I *Tabell 1: Kvalitetsselementer og parametere* er det krav om at det skal takast fire prøver av tot-N, tot-P, kalsium, farge, TOC og TBK i vatn kvart år. I tillegg skal det også årleg analyserast på arsen, bly, kadmium, kobber, krom, kvikksølv, nikkel, sink, bromerte difenyletere, PAH16, PCB7, DEHP og nonylfenol i avløpsvatn.

Utsleppsløyvet punkt 7.2 Rapportering av overvaksingsresultat

Resultat frå resipientovervakinga skal drøftast i høve til målsettingane for overvakinga, og konklusjonar skal presenterast for forureiningsstyresmaktene som ein del av påfølgjande kalenderårs eigenkontroll- og årsrapportering jf. punkt 11.2 i løyvet.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Krav i løyvet

Kommunen gjennomførte første runde av overvaking av vassførekomsten i 2020. Overvakinga skal vidare gjennomførast årleg med omsyn til vasskjemi, og kvart tredje år med omsyn til biologiske parametarar. Ved tilsynet blei det opplyst at det ikkje er teke prøver i vassførekomsten etter 2020.

Avvik 3:

Heilskapleg handlingsplan for avløpsområdet er ikkje send inn innan 31. mars 2023

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet punkt 2.7.1 Heilskapleg handlingsplan

Kommentarar:

Krav i løyvet

I løyvet er det gitt frist for å sende inn heilskapleg framdriftsplan for avløpsområdet (Temaplan avløp, hovudplan avløp eller liknande) innan 31. desember 2022. Etter søknad frå Gloppen kommune blei frist for innsending utsett til 31. mars 2023.

¹ Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Økologisk og kjemisk klassifiseringssystem for kystvann, grunnvann, innsjøer og elver.



Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Kommunen opplyste under tilsynet at Hovudplan avløp og vassmiljø 2024-2033 for Gloppen kommune ikkje var vedtatt i kommunestyret enno, men at det kunne skje i november 2023.

7. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre forhold

Byrkjelo reinseanlegg fekk nytt utsleppsløyve 30. september 2022, med endringar av 8. september 2023. Løyvet frå 2009 er vidareført med endring om at reinseanlegget både skal overhalde konsentrasjons- og reinseeffektkrava for prøvane. Tidlegare var dette eit enten- eller krav. Det er også gitt meir omfattande krav til resipientovervaking i det nye løyvet. Resipientgranskingane skal gjennomførast i samsvar med vassforskrifta og gjeldande retningsliner for overvakingismetodikk.

Byrkjelo reinseanlegg tek imot sanitært avløpsvatn frå Byrkjelo tettbygde område og prosessvatn frå Tine-meieriet ved Byrkjelo.

Slam frå reinseanlegget blir i dag køyrd til biogassanlegget i Rådalen. NoMil har planer om å etablere eit biogassanlegg for slamhandtering i kommunen.

Kommunen skal skifte ut inntaksrist på anlegget på grunn av slitasje. Dette vil sikre at eventuelle driftsstopp og havari knytt til anlegget kan unngåast. Kommunen har også gjennomført feilsøking på den eldste delen av avløpsnett. Dette er gjort for å finne kummer og punkt som forårsakar innlekking av overflatevatn når det regner mykje og ved flom. Dette arbeidet vil halde fram.

Kommunen har tatt i bruk Eco-online for kjemikaliehandteringa. Kurs i systemet skal gjennomførast av bedriftshelsetenesta Avonova. Alle tilsette har tilgang til kvalitetssystemet Compilo.

Hovudplan avløp og vassmiljø 2024-2033 skal behandlast i kommunestyret i november 2023. Vi ber om å få planen tilsendt når han er vedteken.

Vi minner om frist for å etablere energistyringssystem innan 31. desember 2023, jf. punkt 8.1 i løyvet. Resultat og vurderingar frå resipientovervakingane skal rapporterast etter kvar overvakingrunde innan 1. mars, jf. punkt 7.2 og 11.2 i løyvet.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrift)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren



Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Kvalitetssikringsystem med oversikt over risikovurdering, ansvarsforhold og prosedyrar
- Miljørisikoanalyse frå 2019 med endringar